

# Strategiplan for Nordmørsmusea

2024 – 2034

# Innhald

Bakgrunn .....	3
Nordmørsmusea i 2023 .....	3
Kva er eit museum? .....	3
Handlingsrommet vårt.....	4
Langsiktige perspektiv .....	5
Det endelause .....	5
Det kollektive .....	5
Det berekraftige .....	5
Utfordringsbiletet i 2023 .....	5
Kva utfordringer står samfunnet i? .....	5
Kva utfordringer står vi i som verksemd?.....	6
Kva utfordringer står vi i som kunnskapsinstitusjon?.....	7
Nordmørsmusea sin visjon .....	8
Nordmørsmusea sitt oppdrag.....	8
Kva jobbar vi med? .....	8
Kven gjer vi det for?.....	9
Korleis gjer vi det? .....	9
Verdiar og rettesnorar .....	9
Målbiletet i 2034.....	9
Nordmørsmusea som kunnskapsinstitusjon i 2034.....	10
Nordmørsmusea som verksemd i 2034.....	10

# Bakgrunn

## Nordmørsmusea i 2023

Nordmørsmusea er eit konsolidert regionsmuseum med ansvar for ivaretaking og utvikling av nordmørsk kulturarv. Vi er eit aksjeselskap med avtalefesta ansvar for og råderett over den nordmørske samlinga som er eigd av kommunar og museums lag i vårt område.

Vi jobbar i tett partnerskap med frivillige innan kulturarvområdet, særskild dei ulike museums laga som eig delar av samlinga. Vi jobbar også tett på kommunane i området, andre museum, og i dialog med fylkeskommune, stat og andre tilskots gjevarar. Med meir enn 114 bygg, ei omfattande samling farkostar og gjenstander, samt eit stort og variert arkiv, har vi ein rik og mangfaldig arv å ta vare på, og kan invitere publikum til besøksarenaer i åtte kommunar.

Nordmørsmusea har 35 tilsette, samt ei rekke tilsette i sesong, noko som gjer oss til i mellomstor regional verksemd. Musea våre ligg i åtte kommunar, og vi jobbar heilskapleg med samlingsutvikling innan både bygg, gjenstander og arkiv i alle dei kommunane vi har avtale med.

Sidan 2002 har tidlegare Stiftelsen Nordmøre museum jobba med å samle og konsolidere regionsmuseet. Etter ein lengre periode i 2021-2022 vart ny organisasjonsform og avtaleverk landa, Nordmørsmusea vart stifta med verknad frå 01.01.23 og det er med dette som bakgrunn at vi no legg ny strategi for museet.

Denne strategien skal vise kvar vi skal på lengre sikt, kva visjon og hovudmål vi jobbar mot, og kva verkemiddel og metode vi skal ta i bruk for å komme oss dit. Framtidsbiletet vårt er basert både på forventningar og mål sett av stat, fylkeskommune og eigarane våre. Det er også basert på kompetansen og den fagleg kunnskapen i eigen organisasjon med tanke på kva eit regionsmuseum skal vere og heilt konkret; kva regionsmuseet for den nordmørske kulturarven skal vere, og kva som skal til for at vi kan leve opp til dette.

Strategi for Nordmørsmusea er ein tiårig plan som vil danne grunnlag dei øvrige plandokumenta våre. Der legg vi fram konkrete tiltak og fokusområder som hjelper oss med å nå hovudmåla og fylle samfunnsmandatet vårt.

## Kva er eit museum?

Vi skal sette ei retning og ei fart i det nye regionsmuseet, og startar med å definere oss sjølv som museum. Nordmørsmusea følgjer International council of museums (ICOM) sin definisjon, der dei seier at museet er;

*«...en ideell, permanent institusjon i samfunnets tjeneste som forsker, samler, bevarer, tolker og stiller ut materiell og immateriell arv. Åpent for publikum, tilgjengelig og inkluderende, museer fremmer mangfold og bærekraft. De opererer og kommuniserer etisk, profesjonelt og med deltakelse av lokalsamfunn, og tilbyr varierte opplevelser for utdanning, glede, refleksjon og kunnskapsdeling<sup>1</sup>.»*

Denne definisjonen av museum er forankra i avtaledokumenta våre med eigarar og partnerskap, og ligg til grunn for korleis vi legg opp verksemda vår.

---

<sup>1</sup> [Museum Definition - International Council of Museums -International Council of Museums \(icom.museum\)](https://icom.museum/) (Nordmørsmusea si oversetting).

## Handlingsrommet vårt

Handlingsrommet vårt som konsolidert regionsmuseum har både veggar og tak. Mellom anna forhold vi oss til årlege budsjett og tildelinger frå offentlege styremakter, og til langsiktige avtalar med partnerskapen vår lokalt og regionalt. Den nasjonale museums politikken er klar på kva både det lokale, regionale og statlege nivået ventar av oss, og vi forhold oss til dei gjeldande planer og meldinger som har komme for museumsområdet regionalt og nasjonalt dei siste åra. Desse føringene går att i tildelingsskriv frå stat og fylkeskommune. Vi finn også att dei samme forventningene i avtaleverket med aksjonærene våre og frivillige og offentlege eigarar av samling.

I Meld.st. 23 Musea i samfunnet Tillit, ting og tid omtales musea som;

«...uttrykk for utviklinga av eit samfunn, sjølvkjensla i ein nasjon, standarden for ytringsfridom og demokrati i ein fellesskap. Museumsinstitusjonar er demokratiske berebjar, ein del av den avgjerande infrastrukturen for demokratiutøving og frie ytringar. Museums politikken legg difor grunnlaget for ein del av vår felles danning. Slik musea spela ei viktig rolle i nasjonsbygginga av den unge nasjonen Noreg, spelar dei ei like viktig rolle i vår eiga tids forståing av oss sjølve – både kven me har vore, kven me er og kven me vil vera. Målet for museums politikken er slik djupast sett å leggja til rette for den store, dynamiske samtalen om oss, og innrettinga av museums politikken er eit uttrykk for kva ambisjonar regjeringa har for samfunnsutviklinga i stort<sup>2</sup>.»

I dette kjem musea si samfunnsrolle klart fram. I tillegg til å ivareta og utvikle kulturarven, vert musea utfordra på å vere ein meiningsberande institusjon, å delta i det offentlege ordskiftet og å bruke kunnskap og samling som grunnlag for å bidra til ei berekraftig samfunnsutvikling.

Når vi ser til Regional delplan for museum 2017-2026<sup>3</sup> finn vi dei samme forventningene til oss som museum, og dessutan eit regionalt særansvar på fartøyvern og handlingsboren kunnskap, samt forskning på dette. Vi har også eit regionalt ansvar i Trøndelag og Møre og Romsdal for leiing av Regionalt kystpilegrimssenter Smøla.

I det statlege tildelingsbrevet vårt legg Kultur- og likestillingsdepartementet opp til at vi skal bidra til eit ope, inkluderande og mangfaldig kulturliv, der vi skal samle inn, ta vare på, dokumentere og formidle kulturarv innan vårt ansvarsområde. Fylkeskommunen på si side forventar at vi jobbar etter sentrale tema som berekraft, tilgjenge for alle, mangfald og frivilligheit.

Både nivå viser til tilgjenge for nye og etablerte grupper, utvikling av publikum og at vi må sikre låg terskel for deltaking for alle. Dei viser til at vi skal utvikle finansieringsgrunnlaget vårt utover dei offentlege tilskota. Dei er også opptekne av at vi skal ha ei fri stilling og at vi skal ha ei kvalitativ og fagleg styrke i eigen organisasjon, i tillegg til ei forsvarleg og transparant drift.

Samla gjev dette oss eit klart og tydeleg bilete av samfunnsmandatet vårt, og kva vi er forventa å levere på. Vi skal rette oss aktivt og opent mot omgjevnadene våre, vere profesjonell i arbeidsformer og faglege prioriteringer og sikre samarbeid og partnerskap som legg grunnlag for ein solid økonomi i verksemda. Samstundes som handlingsrommet er styrt av ytre faktorar er det også møblert med dei verdiane vi vektlegg, ressursane vi har som verksemd, samlinga vi har ansvar for og kunnskapen vi utviklar.

---

<sup>2</sup>[Meld. St. 23 \(2020–2021\) - regjeringen.no.](#)

<sup>3</sup>[Regional+delplan+for+museum+2017-2026+--oppdatert \(6\).pdf](#)

## Langsiktige perspektiv

Det er særskild tre hovudperspektiv som pregar arbeidet vårt; det endelause, det kollektive og det berekraftige.

### Det endelause

Vi skal tenkje langsiktig, samstundes som vi skal tenke ulike målgrupper; vi skal treffe dei som lever no, men også om 100 år, med det vi skaper av kunnskap om fortida og notida. Dei som er barn og unge om 100 år må kjenne at det vi veljer og veljer vekk i dag er relevant og fortel historia om det nordmørske. Når vi tenkjer på kven vi skal vere eit museum for, må vi ta innover oss at vi jobbar i eit endelaust perspektiv. Det påverkar korleis vi samlar, forskar, forvaltar og formidler kunnskap. Det vi skriv om i dag, eller det arbeidet vi utfører på bygg og gjenstander, vil påverke korleis folk vil oppfatte og tolke fortida og samtida vår i framtida. Det gjer det heilt vesentleg at vi har ei klar formeining om korleis vi skal gjere jobben vår og løyse samfunnsoppdraget. Vi må vere oss medvitne kva ståstad vi har, og at vi ikkje kjem nøytrale inn i det, slik at vi kan teikne eit bilete av ei kulturarv i utvikling der vi sjølv er ein viktig del av definisjonsmakta.

### Det kollektive

Vi har som ansvar å vere ein del av det kollektive minnet til eit samfunn vi sjølv er ein del av. Når vi velger kva tema vi vil forske i, kva vi skal samle inn og kva vi skal velge vekk, gjer vi det på vegne av alle, også oss sjølv som innbyggarar og del av ein kulturarv. Då må si sikre at vi utvikler kunnskap om heile det samfunnet, både dei opplagde og dei usannsynlege og til dels usynlege delane av det. Vi må føre pennen og vere røysta til dei som ikkje synes eller høyrer, så vel som dei som kjem klårt og tydeleg fram i samfunnsbiletet.

### Det berekraftige

Vi vil gjennom arbeidet vårt etablere ei verksemd, eit museum og ein samfunnsaktør som både er berekraftig i seg sjølv, og som bidreg til å utvikle auka berekraft hos andre no og i framtida. Gjennom fokus på dei tre dimensjonane klima og miljø, økonomi og sosiale forhold jobbar vi utifrå eit grunnleggande perspektiv om å bidra til å ta vare på menneska som lever i dag, utan å øydelegge framtidige generasjonar sitt høve til å leve gode liv. FNs berekraftsmål består av 17 mål, og vi ser det som naudsynt og naturleg å forhalde oss til samtlege.



## Utfordringsbiletet i 2023

Handlingsrommet vårt er plassert i eit samfunn som vi skal vere med på å fylle med innhald og mening. Vi må difor ha klart for oss korleis dette samfunnet ser ut, kva utfordringer vi står i som del av det, både som verksemd og som museum og kunnskapsinstitusjon.

### Kva utfordringer står samfunnet i?

Verdssamfunnet står i konstant endring, der globalisering, auka mobilitet og klimautfordringer pregar lokalsamfunna som vi er ein viktig del av. Som eit svar på desse store samfunnsendingene aukar også fokuset på digitalisering, teknologisk utvikling, krav til effektivisering og meir profesjonell drift. Av dei utfordringene som vil prege Nordmørsmusea i åra som kjem, er det nokre hovudpunkt som skil seg ut og som vi må ta stilling til som kunnskapsinstitusjon og museum.

## Folk i endring

Demografiske endringer, sosiale skilnader og aukande grad av individualisme pregar samfunnet. Også forbruksvanene og publikumsforventningar er i sterk endring. Innbyggjarane vert eldre, folketalet går ned og vi har færre ungar i lokalsamfunna våre. Ei særskild utfordring ligg då i å legge til rette for mangfald, involvering og formidling, og dessutan i å utvikle gode metodar for å hente ut kunnskap og skape gode og tilgjengelege arenaer og møtestader for frivillig aktivitet og nytt publikum.

## Klima og miljø i endring

Endringer i klima og miljø gjev praktiske og konkrete utfordringer for oss som jobbar med fartøyvern, bygningsvern og berekraft i det daglege. Ikkje minst påverkar dette bygningsmassen vi er sett til å ta vare på og gjenstander som tek skade av omgjevnadene dei står i. Ei anna utfordring er knytt til tilgang på trevirke og anna naudsynt materiale og utvikling av denne. Ettersom ressursane vert utarma og det manglar strategi for berekraftig tilvekst og uthenting av desse, vert det stadig meir naudsynt å ta omsyn til klima- og miljøendringer som både påverkar og vert påverka av ei slik utvikling.

## Auka mobilitet i og mellom regionar og land

Migrasjon er eit velkjend tema i museumssamanheng, og noko vi jobbar med som fagområde. Det er i mellomtida også eit særtrekk for dagens samfunn, der auka mobilitet både av folk, varer og informasjon pregar utviklinga. Auka mobilitet kan skape ein mangel på lokalt tilhøyre og kunnskap om staden ein bur på og kulturarven vi har ansvar for å forvalte og utvikle. Det kan igjen gå utover frivillig verksemd og aktivitet og museet si rolle i samfunnet.

## Informasjons- og feilinformasjonsflyten veks

Vi lever i eit samfunn prega av nærast grenselaus tilgang på informasjon og fokuset på kritisk tenkning, kjeldekritikk og eit behov for kvalitetssjekka kunnskap må styrkast. Både kunstig intelligens, medviten feilinformasjon, polarisering og manglande kompromissvilje, samt og ein generell trend om å hente kunnskapen sin frå opne kjelder i verdsveven frå svært ung alder, legg klare føringer for korleis vi som museum må jobbe. Det enorme tilfanget av informasjon kan også påverke den mentale helsa til eit samfunn, der utanforskap, framtidspessimisme og uro pregar folk.

## Økonomiske konjunkturar

Prisstigning, lønnsvekst og ein generelt sett meir kostbar kvardag skaper på ulikt vis utfordringer for samfunnet, vi som bur i det og oss som museum. Kjøpekrafta til folk og verksemdar går ned, utgiftene til det offentlege går opp samstundes som levekostnadene aukar og skaper større sosioøkonomiske skilnader mellom grupper og individ. Det skaper også større utfordringer for samfunnet med tanke på utviklingsprosjektar, utvikling av ny og naudsynt infrastruktur og tenester.

## Kva utfordringer står vi i som verksemd?

Eit av hovudansvara våre som museum er å etablere oss som ei profesjonell verksemd som baserer seg på synlege og tydelege strukturar, ein arbeidsgjevarstrategi, ein felles økonomi og ikkje minst; overordna, samlande planverk. Dette er ei krevjande oppgåve som vil prege arbeidet i Nordmørsmusea i åra som kjem.

## Infrastruktur og organisasjonsutvikling

I ein nyetablert organisasjon som vår står vi inne i ein heilt ny, grunnleggande infrastruktur i verksemda. Dette gjeld innan IKT, FDV, HMS og andre driftsfaglege område. Det vil ta tid og ressursar å etablere og utvikle eit velfungerande maskineri som sikrar ei kontinuerleg framdrift i verksemda vår. Nordmørsmusea er eit regionmuseum på rot. Vi jobbar utifrå ein desentral organisasjon i heile regionen, noko som gjer det utfordrande å skape ei kjensle av samhøyre som er vanleg i ei verksemd

av vår storleik. Tilsette sitt ofte åleine eller har reiseveg i samband med arbeidsdagen. Ei profesjonalisering av system, kommunikasjonsformer og samhandlingsarenaer digitalt og fysisk vert difor eit viktig element i å bygge ein berekraftig organisasjon der tilsette trives og veks.

### Forankring og kommunikasjon

Etter ein lang fase med konsolidering og deretter rekonsolidering manglar det nye, grunnleggande planverk for utvikling av verksemda. Museumsselskapet er godt etablert, med klart og omforeint avtaleverk, tydeleg eigarstruktur og ei gjensidig forståing av oppdraget. Vi manglar i mellomtida erfaring rundt ein velfungerande organisasjon basert på medvitne, gjennomsiklige og langsiktige mål. Denne forankringa manglar både internt hos dei tilsette, i partnerskapen vår og ellers i samfunnet rundt oss. Det ligg ei klar utfordring knytt til å kommunisere kva vi driv med og kva som vert forventa av oss frå eigarar og styresmakter, samstundes som vi skal ta til oss kva forventningar samfunnet elles har. Ei slik forankring er heilt naudsynt for å skape rom for å jobbe med kjerneverksemda vår.

### Kapasitet og kompetanse

Med synkende folketal og auke i pris- og lønnsnivå får vi både færre kroner og mindre ut av kvar krone, ettersom finansieringsmodellen vår lokalt er basert på kroner per innbyggjar. Kombinert med svekka kjøpekraft kan vi ende i ein situasjon der vi heller ikkje kan sikre oss naudsynt eigeninntening på sikt. Den viktigaste ressursen vår er dei tilsette, og ein slik situasjon gjer det utfordrande å halde eit akseptabelt lønnsnivå der vi både tiltrekker oss og held på viktig og nok arbeidskraft. Samstundes er det utfordrande å prioritere midler til utvikling som kan utløyse meirverdi for oss som museum og for samfunnet vi er ein del av. Med ein ny organisasjon der vi har samla personalansvar og økonomi har vi no høve til å planlegge på ein annan måte enn tidlegare. Det gjeld særskild innan ressursplanlegging og korleis vi utviklar både kapasitet og kompetanse hos våre tilsette. Utfordringa ligg i at vi manglar rutiner og system for å sikre kunnskapsdeling, ansvarsfordeling og samhandling.

### Kva utfordringer står vi i som kunnskapsinstitusjon?

Så til slutt må vi sjå på kva utfordringer vi står i som museum og som kunnskapsinstitusjon, med tanke på dei forventningene vi har knytt til oss som regionmuseum for nordmørsk kulturarv.

### Kunnskapsutvikling

Som konsolidert museum skal vi både utvikle ei større regional og profesjonell verksemd samstundes som vi skal utvikle sjølve kjernen i samfunnsoppdraget vårt; kunnskap. Den kunnskapen vi utviklar med bakgrunn i handlingsboren kunnskap, eigne kjelder, samling og kompetansen vi sitt med, skal dessutan vere truverdig, tilgjengeleg og interessant for både eit smalt og eit vidt publikum og ikkje minst; ein engasjert og kunnskapsrik frivillig sektor. Ei utfordring er då korleis vi kan sikre høg kvalitet på arbeidet vårt i møte med dette samansette publikummet, som også er ei kjelde til ny kunnskap. Vi er ikkje ein nøytral institusjon, men ein kunnskapsbasert institusjon med ansvar for å samle, tolke og gjere kunnskap tilgjengeleg både språkleg, mentalt og fysisk. Dersom den kunnskapen ikkje er interessant eller aktuell for nokon, fyller vi ikkje samfunnsrolla vår.

Samstundes har vi eit særfokus på handlingsboren kunnskap, og utviklinga av denne gjennom næmingeordning, kursing og kompetanseutvikling i eigen organisasjon og samfunnet rundt oss. Dette er eit komplekst område både fagleg og økonomisk, då det involverer både opplæring, næring, offentleg verksemd og forskning. For oss er det ei utfordring å utvikle og nyttiggjere oss denne modellen og metoden til det beste for museet og samfunnsoppdraget vårt.

## Samhandling

Det er stor interesse rundt fagfeltet vårt, og mange aktører og personar som ønsker å bidra til utvikling av nordmørsk kulturarv. Dette samspelet med samfunnet, aktørane og publikum rundt oss er både naudsynt og klokt med tanke på det faglege ansvaret vårt, så vel som samfunnsansvaret. Det er i mellomtida utfordrande å etablere og ivareta ein frivillig sektor som ønsker og har høve til å bidra, utover museumslag og andre i partnerskapen vår som er sjølve ryggraden i den frivillige delen av kulturarvarbeidet. Å utvikle gode og ukompliserte samarbeidsformer og tydelege rutiner for korleis vi samhandlar krevjer kontinuerleg fokus, og vert heilt avgjerande for korleis vi som museum vil lukkes i åra som kjem.

Publikumsutvikling i samband med endringer i demografi, tilflytting, fråflytting, interessefokus og generelle kulturforbrukarvaner er eit område som både er og kjem til å verte viktig for oss å jobbe aktivt med i som kjem.

## Samling

Sjølve kjernen i arbeidet vårt er samlinga vår. Ho er omfattande, delvis digitalisert og registrert, og i stadig vekst. Ei stor utfordring dei neste ti åra vil vere å velge vekk og velge inn gjenstander, arkiv, bygg og anna vi må ta stilling til som del av den kulturhistoriske samlinga vår. Vi har ikkje nok plass, heller ikkje med nye prosjekt som vert realisert innan magasin, arkiv, foto og utstillinger, og vi skal ta stilling til korleis vi skal samle inn, synleggjere og forske på gjenstandar i samlinga vår. Ettersom vi har ansvar for ein stor og mangfaldig bygningsmasse må vi også ta stilling til korleis vi skal handtere den aukande påverknaden klima- og miljøendringer har på bygga og gjenstandene våre.

## Nordmørsmusea sin visjon

Med så sterke og ambisiøse føringer som vi jobbar under som museum, skal det godt gjeres å ikkje utvikle ein visjon som strekker langt utanfor vår rekkevidde. Vi er eit museum prega av framtidstru, kompetanse og drivkraft, noko som let oss løfte blikket og satse.

Vår visjon for framtida er å vere ei drivande kraft for nordmørsk kulturarv og kjelde til kunnskap, inspirasjon og utvikling. Gjennom kunnskapsproduksjon, samlingsutvikling, formidling, ivaretaking og samhandling skal vi vere ei samfunnskraft å rekne med og oppleves som trygg, tøff og tydeleg i samhandling med samfunnet rundt oss.

## Nordmørsmusea sitt oppdrag

### Kva jobbar vi med?

Nordmørsmusea er eit konsolidert regionmuseum med ansvar for ivaretaking og utvikling av nordmørsk kulturarv. Vi er ei modig, påliteleg og ekte kraft for positiv endring i samfunnet vårt. Vi vil engasjere og inspirere gjennom arbeidet vårt, og skape rom for utvikling, refleksjon og feiring av vår felles kulturarv. Vårt endelege mål er å skape eit betre og meir berekraftig samfunn, fremje forståing, empati og kjensle av tilhøyre i ei verd i stadig endring.

Nordmørsmusea skal i tråd med vedtektene våre vere eit samla og konsolidert museum for dei kommunane og det området som utgjer eigarane våre. Selskapet skal ivareta materiell og immateriell kulturarv på vegne av eigarane og i samsvar med gjeldande føringer frå statleg hald og innanfor ramma av ICOM sine normer og etiske regelverk. Vi skal ha høg kvalitet og sterke fagmiljø i formelle og uformelle nettverk. I tråd med overdragingsavtalen skal vi jobbe med forvaltning, formidling, forskning



og fornying og i samarbeid med frivillig sektor. Vi skal jobbe i tett samarbeid med eigarar av samling, det vil seie museumslag og kommunar.

## Kven gjer vi det for?

Vår hovudmålgruppe er innbyggjarar regionalt og lokalt no og i framtida, med særskild fokus på innbyggjarane i eigarkommunane våre. Vi har som mål å nå alle i heile regionen, for slik å nå ei breidare målgruppe innan kulturarv, reiseliv og øvrige interesserte. Vi er opptekne av å nå fram til og samskape lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt med både profesjonelle og frivillige aktørar som engasjerer seg i nordmørsk kulturarv.

## Korleis gjer vi det?

Vi tek utgangspunkt i Meld.st. 23 Musea i samfunnet Tillit, ting og tid når vi planlegg korleis vi skal fokusere det museumsfaglege arbeidet vårt. Vi jobbar utifrå eit overordna mål om å ivareta og utvikle nordmørsk kulturarv gjennom;

- Solid kunnskapsproduksjon
- Relevant formidling
- Heilskapleg samlingsutvikling
- Trygg ivaretaking
- Aktiv samhandling

Utover det har vi fokus på ei profesjonalisering av drifta av verksemda vår for å sikre ei økonomisk, sosial og miljømessig berekraftig utvikling av museet som kunnskapsinstitusjon. Dette er gjennomgåande fokusområder som vil prege den vidare plan- og målstrukturen vår.

## Verdiar og rettesnorar

Med utfordringene som pregar samfunnet, verksemda og fagområdet vårt, er det viktig å halde fast ved dei verdiane vi meiner skal prege arbeidet vårt. Det er visse trekk som vert heilt avgjerande for korleis vi skal løyse oppdraget vårt i åra som kjem, ikkje minst knytt til vanskelege avgjerder og prioriteringar. Vi jobbar utifrå tre hovudverdiar;

**Drivkraft;** ei drivkraft basert på motivasjon, engasjement, endringsvilje og ambisjonar, styrt av ein klar visjon og ein draum om å gjere ein skilnad.

**Kunnskap;** ein kunnskap om det vi driv med, der evner, handverk, profesjonalitet, kompetanse og personlege eigenskaper legg opp til å skape tillit og truverd, og let oss vere modige i vala vi tek.

**Relevans;** eit mot til å velge det som resonnerer med samfunnet vi er ein del av, der vi skal fungere i samspel med tida, og sikre ein meirverdi, ein relevans, ei truverd og eit nærver no og i framtida med det vi utviklar kunnskap om.

## Målbiletet i 2034

Med bakgrunn i oppdraget vårt, sett gjennom dei langsiktige perspektiva våre og prega av verdisettet vi legg til grunn for arbeidet vårt, kjem vi fram til eit målbilete for 2034 som strekker seg mot visjonen vår. Dette målbiletet dannar grunnlag for fagplaner, retningslinjer og føring vi sett for oss sjølv i perioden. Spørsmålet vi stiller oss er; kven er Nordmørsmusea i 2034?

## Nordmørmusea som kunnskapsinstitusjon i 2034

### Kunnskapsutvikling

- Nordmørmusea har etablert seg som ein forskningsbasert kunnskapsinstitusjon med utgangspunkt i nordmørsk kulturarv.
- Nordmørmusea er nasjonalt leiande i utvikling av, forskning på og bruk av handlingsboren kunnskap.
- Nordmørmusea har utvikla og profesjonalisert næmingeordninga som utdanning på høgare nivå innan handlingsboren kunnskap.
- Nordmørmusea har etablert ein praksis for utvikling av ny kunnskap gjennom aktiv samhandling med publikum, partnerskap og øvrige aktørar innan kulturarvfeltet.

### Samhandling

- Nordmørmusea har utvikla gode og ukompliserte samarbeidsformer og tydelege rutiner for samhandling med frivillig sektor og øvrig kultur- og samfunnsliv.
- Nordmørmusea er ein pådrivar og deltakar i samarbeid innan den regionale ABM-sektoren.
- Nordmørmusea er ein truverdig, modig og aktiv samfunnsaktør.
- Nordmørmusea har utvikla eit nytt og utvida publikum både i og utanfor hovudmålgruppa.

### Samling

- Samlingene, herunder gjenstander, arkiv, bygg og levande samling, er representative for nordmørsk kulturarv.
- Samlingene er registrerte, digitaliserte og tilgjengeleggjort.
- Samlingene er trygt ivaretekne.

## Nordmørmusea som verksemd i 2034

### Infrastruktur og organisasjonsutvikling

- Nordmørmusea har ei trygg økonomi- og ressursstyring som sikrar ei kontinuerleg utvikling av verksemda vår.
- Nordmørmusea har utvikla ei sterk kjensle av samhøyre både i eige kollegium og inn mot lokal, regional og nasjonal partnerskap.
- Nordmørmusea er ei profesjonell verksemd der system, kommunikasjonsformer og samhandlingsarenaer legg til rette for ein berekraftig organisasjon der tilsette trives og veks.

### Forankring og kommunikasjon

- Nordmørmusea har utvikla ein samanhengande planstruktur basert på systematiske prioriteringar som kjem tydeleg fram i budsjett og rapporteringer.
- Nordmørmusea er solid forankra som ei kunnskapsbasert og tillitsvekkande verksemd både internt hos dei tilsette, i partnerskapen vår og ellers i samfunnet rundt oss.
- Nordmørmusea har ein klar kommunikasjonsstrategi som vi jobbar etter.

### Kapasitet og kompetanse

- Nordmørmusea har ein aktiv kompetanseutviklingsplan.
- Nordmørmusea har tilsette med høg, oppdatert og relevant kompetanse.
- Nordmørmusea har nok tilsette til å utføre oppdraget vårt på ein tilfredsstillande måte.
- Nordmørmusea er ein ettertrakta praksisplass for studentar innan høgare utdanning, og ein foretrukken læringsarena for næmingar og lærlingar innan tradisjonshandverk på båt og bygg.